

VAL '97:



SOGN OG FJORDANE



Astrid Kalstveit




Geir Oldeide



Trine Nylehn



Tina Sjursen



Ottar Uglum

På tide å protestere!

På tide å stemme RV!

Å stemme på RV er bortkasta, seier mange. Det seier sjølv mange som er einige med mykje av politikken vår.

Å stemme på RV er bortkasta i den meining at RV er sjanselaus til å kome inn på Stortinget frå Sogn og Fjordane.

På dei følgjande sidene vil vi forklare kvifor du likevel bør stemme RV. Ei stemme på RV gjev korkje gull eller grøne skogar, men markerer

- ▶ ein protest mot eit stadig meir borgarleg og høgrevridd samfunn
- ▶ eit krav om heilt grunnleggjande og radikale endringar av samfunnet.

Med folk

- for** 6 timars arbeidsdag med full lønskompensasjon
- for** eit anti-rasistisk samfunn og for internasjonal solidaritet
- for** ein velferdsstat og auka overføringar til kommunane
- for** ENØK, fornybare og miljøvenlege energikjelder
- for** eit livskraftig Distrikts-Noreg og auka sjølvberging
- for** lik rett til utdanning, bedre studiefinansiering, gratis lærebøker og lovfesta plikt til å ta inn lærlingar
- for** fullgod skule og gratis skulefritidsordning for alle born
- for** oppseiinga av EØS-avtalen
- for** full kvinnefrigjerung

Mot makta

- mot** moderate lønsoppgjer - opp med kvinneløna
- mot** statleg rasisme og innvandrings-stopp
- mot** privatisering og usosiale eigendelar; skattlegg dei rike
- mot** gasskraft- og vassdragsutbygging
- mot** kapitalen si rovdrift på naturressursar
- mot** NHO si sortering av arbeidstakarane i A- og B-lag
- mot** EU-tilknyting gjennom Vestunionen og Schengen-avtalen
- mot** sentralisering og avfolkung
- mot** seksualisert undertrykking og vald

Er du samd i dette; stem RV!

Forsvar einsidige industristader

Ein stor del av industri-sysseletjinga i Sogn og Fjordane er knytt til den kraftkrevjande industrien i Høyanger, Svelgen og Årdal. Med unnatak av Høyanger har desse stadane mist eit stort tal arbeidsplassar gjennom rasjonalisering. At Høyanger har kome godt ut skuldast først og fremst oppbygging av foredlings-verksemder.

Eigarane, Hydro og Elkem, tel på knappane om desse industristadane skal satsast på. Utsetjinga vert grunngeve med kraftmangel og -prisar. Reell bakgrunn er at utanlandsinvesteringar er meir profitabelt.

RV krev at Hydro og Elkem sikrar arbeidsplassane i Høyanger, Svelgen og Årdal. Dette skal skje gjennom at

- ▶ styresmaktene tildeler naudsynt fornybar kraft til prisar tilsvarande dei konkurrentane har
- ▶ kraft-tildelinga skal m.a.skje gjennom
 - ♦ ENØK i den norske energiforsyninga og i verksemdene sjølve
 - ♦ innføring av restriksjonar på eksport av vasskrafta
- ▶ auka satsing på foredling i Norge av råvarene frå desse verksemdene.

Mot gasskraftverk

For å hindre den auka drivhuseffekten må dei globale utsleppa av drivhusgassar reduserast. Som første steg har verdssamfunnet, inkludert Norge, sett som mål ingen auke i drivhusgass-utsleppa.

Utbygging av norske gasskraftverk vil auke dei norske CO₂-utsleppa med 6 %. Det bryt med Norges internasjonale plikter om stabilisering av utsleppa. M.a. difor går RV mot gasskraftverk.

Tilhengjarane argumenterer for gasskraft med at gasskrafta skal konkurrere ut endå meir tvilsam energi; m.a. atom- og kolkraft. Det er lite haldbar argumentasjon når dei samstundes

- ▶ ikkje kan syne til ein einaste avtale om at gasskraft skal erstatte noko som helst
- ▶ vil at gasskrafta i all hovudsak skal brukast i Norge.

Er du samd med dette; stem RV!

Mot kapitalmakta:

Det kapitalistiske samfunnet er eit system som skadar natur og miljø, skapar krise og arbeidsløyse. Kapitalismen er eit system der kapitalistklassen styrer over det store fleirtalet av folket. Fagrørsla si avmakt mot kapitalen, kvinne-undertrykking og rasisme er uttrykk for dette.

Kapitalistane disponerer dei verdiane vanlege folk har skapt gjennom sitt arbeid. Kapitalistane avgjer kor verksemder skal opprettast, kor dei skal nedleggjast og dermed kvar folk kan bu. Alt skjer utifrå eit mål; kva som kortsiktig gjev mest økonomisk forteneste (profitt).

Kapitalistane dirigerer statsapparatet og syter for at minst mogleg av verdiskapinga vert brukt til offentleg og samfunnsmessig velferd. Det skjer gjennom eit skattesystem som premierer dei som er rikaste frå før. Slik sikrar dei nok pengar på private hender til at aksjehandelen avgjer samfunnsutviklinga og til at kapital vert ført ut or landet.

Vil du dette; stem nett kva du vil!

Før sosialismen:

Det sosialistiske samfunnet er eit system der det ikkje lenger er profitten og kapitalistklassen styrer, men samfunnet sine langsiktige mål og behov. Undertrykkinga er erstatta av folkeleg deltaking.

Sosialismen fjernar grunnlaget for økonomiske kriser og arbeidsløyse. Grunnlaget for moderne krigar, industrilanda si jakt på råvarer og marknad, er erstatta av ny økonomisk verdsordning.

Sosialismen inneber eit arbeids- og samfunnsliv innretta på å dekke menneska sine ulike materielle og kulturelle behov innafor dei rammer det økologiske systemet set.

Sosialismen vil fjerne grunnlaget for rasisme og kvinneundertrykking, og for plyndringa av naturen.

Sosialismen vil seie at det er det arbeidande folket gjennom verkeleg folkestyre som kontrollerer verdiskapinga og sikar den offentleg velferda.

Vil du dette? Stem RV!

Ungdom - stem RV!



RV sitt program inneheld ei rekkje krav vedk. utdanning og fritid. Blant desse er krav om

- ▶ desentralisert skuletilbod og lik rett til utdanning uansett bustad
- ▶ maskinutrusting og undervisningsmateriell i samsvar med samfunnet elles
- ▶ lovfesta rett til lærlingeplass for elevar på yrkesfagleg studieretning
- ▶ gratis vidaregåande utdanning; dvs. både lærebøker og skyss
- ▶ nynorske lærebøker til same tid og pris som bokmålsbøker
- ▶ oppretting av allaktivitets-hus for ungdom - for retten til ein "stad å vere".

Mot all rasisme

RV vil ha eit fleirkulturelt samfunn utan rasisme og nasjonal undertrykking, med opne grenser og fulle demokratiske rettar for alle. Det vil m.a. seie:

- ▶ oppheving av innvandrings-stoppen. Reglane som gjeld for EØS-borgarar må gjelde alle - uansett hudfarge
- ▶ utviding av flyktninge-omgrepet til å omfatte alle - irekna økonomiske og økologiske flyktningar
- ▶ røysterett for innvandrarar - òg ved stortingsval slik det er ved kommunestyre- og fylkestingsval
- ▶ tilretteleggjing av utdanning og arbeid for innvandrarar/flyktningar.

EU/EØS/Schengen

RV deltok aktivt i arbeidet mot at Norge skulle innlemmast i EU. Vi var einaste parti som var mot EØS frå fyrste dag og gjekk mot Schengen-tilslutning.

Regjeringa seier at den godtek folkeavrøystinga, men held likevel fram med tilpasninga til EU. RV går mot dette; m.a. ved å arbeide for

- ▶ oppretthalding av NEI til EU inntil Noreg er utmeld av EØS og Schengen. Frihandelsavtale er eit betre alternativ
- ▶ at Norge legg ned veto mot dei EU-direktiva som vert "prakka på" Norge gjennom EØS-avtalen

Er du samd med dette; stem RV!

RV- eit heilt anna parti:



RV er annaleis enn dei andre partia både i standpunkt og arbeidsmåtar. Vi meiner at grunnlaget for grunnleggande endringar er at folk organiserer seg, fremjar interessene sine og kjempar utan å stole på at partia eller andre skal ordne opp for folket.

RV ønskjer å arbeide saman med og støtte opp om kampsakene til fagrørsla, miljørørsla, kvinnerørsla og den anti-rasistiske rørsla. Vi arbeider aktivt i NEI til EU for oppseiing av EØS-avtalen og mot Ap/H-alliansen si sniktilpasninga til EU-medlemskap. Vi arbeider aktivt for internasjonal solidaritet.

Dersom du lurar på / er samd med det RV står for:

- ▶ ta kontakt med fylkeslaget
 - ♦ v/ Ottar Uglum, Hålandslia,
5900 HØYANGER, tlf./faks 57 71 29 21
 - ♦ E-post: ouglum@vestdata.no
 - ♦ Heimeside
<http://www.vestdata.no/~ouglum/rvsf.htm>
- ▶ meld deg inn gjennom fylkeslaget eller direkte til RV sentralt, Osterhausgt. 27, 0183 OSLO.

Og hugs: Bruk RV-lista ved Stortingsvalet 1997!

Stortingsval-lista til RV:

1 Trine Nylehn	lærer	Leikanger
2 Astrid Kalstveit	postkasserar	Førde
3 Geir Oldeide	ind.arbeidar	Måløy
4 Ottar Uglum	ind.arbeidar	Høyanger
5 Tina Sjursen	student	Lavik
6 Andreas R. Haugen	bonde	Dale
7 Irene Rasmussen	telegrafist	Svelgen
8 Knut Solberg	faglærer	Førde
9 Britt Kvam	arbeidsleiar	Balestrand
10 Vibeke Johnsen	konsulent	Sogndal
11 Asbjørn Geithus	lektor	Sandane

